



SEKRETARIATET FOR  
KONTROLLUTVALA I  
NORD-GUDBRANDSDAL

## MØTEPROTOKOLL – STYREMØTE

Møtedato:	Tid:	Møtested:
Mandag 5.06.23	Kl. 12.00-15.00	HUB Otta, Kaldbekkbotn

### Til stades på møtet:

Medlemmer: Arnfrid Austin (Skjåk), Magny Hilde (Lom), Jørund Båtstad (Sel), Odd Leif Angård (Dovre), Anders Norderhus (Lesja).

Varamedlemmer:

Andre: Elin Marit Andgard, sekretær SKNG.  
Hilde Holden, sekretær SKNG

### Saker som vart behandla:

11/23 Omdanning av SKNG til kommunalt oppgåvefellesskap

12/23 Orienteringar

Ope post

### Andre opplysningar:

Møteinkalling: 25. mai 2023

Møteleder: Magny Hilde

Referent: Elin Marit Andgard, sekretær SKNG

### Underskrifter:

Vi stadfester med underskriftene våre at det som er ført i saksnummer 11-12/2023 er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.

### Utskrift av protokoll til:

Medlemmer og varamedlemmer i styret SKNG.

Ordførar, kommunedirektør/rådmann og kontrollutval i Lesja, Dovre, Sel, Vågå, Lom og Skjåk.

Innlandet Revisjon IKS

Møtedato:	Journalnr.:	Saksnr.:	Saksbehandler:
5.6.2023	97/2023	11-12/2023	Elin Marit Andgard, SKNG

**Godkjenning av innkalling, sakliste og protokoll:**

Innkalling: Godkjent.

Sakliste: Godkjent.

Protokoll: Protokoll frå møtet 23.2.23 vart godkjent.

**SAK 11/23 OMDANNING AV SKNG TIL KOMMUNALT OPPGÅVEFELLESKAP**

**Saksopplysningar:**

Vedtak i styremøte 23. februar 2023, sak 9/23 Organisering SKNG etter ny kommunelov: Styret ber sekretariatet utgreie og legge fram sak om omdanning av SKNG. Inkl. i utgreiinga ber styret om forslag til samarbeidsavtale for kommunalt oppgavefellesskap.

For saksutgreiing blir det vist til vedlegget "Omdanning SKNG".

Dei tre vedlegga er sendt samarbeidet sine eigalar ved ordførar og kopi til kommunedirektør/rådmann der det blir bedt om attandemelding på fylgjande:

- Er saka tilstrekkeleg utgreia for handsaming i kommunestyret?
- Er det momenter de saknar?
- Har de synspunkt til forslaget til samarbeidsavtale?
- Andre innspel/synspunkt?

Frist for attandemelding er sett til 2. juni, og dei blir lagt fram på møtet.

**Vedlegg**

- Omdanning SKNG
- Forslag til samarbeidsavtale
- Gjeldande vedtekter

**Innstilling til vedtak:**

1. Styret tilrår deltokarkommunene å omdanne Sekretariatet for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal (SKNG) til eit kommunalt oppgåvefellesskap etter kommunelova kapittel 19 og at SKNG ikkje skal være eige rettssubjekt.
2. Styret godkjenner det framlagte forslaget til samarbeidsavtale.
3. Styret sender saksutgreiing og forslag til samarbeidsavtale til kommunestyret i dei seks deltokarkommunane med fylgjande innstilling:
  - Som fylgje av ny kommunelov blir Sekretariatet for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal (SKNG) omdanna frå § 27-samarbeid etter tidligare

- kommunelov til kommunalt oppgåvefellesskap (KO) etter ny kommunelov § 19.
- Samarbeidsavtale for Sekretariatet for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal kommunalt oppgåvefellesskap (SKNG) er vedteke slik den føreligg og erstattar noværande vedtekter for SKNG.
  - Det er forutsett likelydande vedtak i alle dei seks deltakarkommunane.

### **Handsaming:**

#### Attandemelding frå kommuane:

Kommuneleiing i Dovre, Vågå og Sel kommune har gjeve attandemelding på at saka er ok.

#### Styret vedtok fylgjande endringar i samarbeidsavtala:

§ 1.1: Namnet skal skrivast i bunden form "Sekretariatet".

§ 6.3: Punktet blir: Tilsetting, fastsetting av løn- og arbeidsvilkår, oppseiing og avskjed blir vedtatt av representantskapet og utført av kommunen.

Representantskapet kan gje leiar og nestleiar fullmakt på dette området.

§ 7.1: Punktet blir: SKNG sine driftskostnader blir fordelt med 1/6 på kvar deltakarkommune.

Med endringane over vart forslaget til samarbeidsavtale godkjent av styret.

Innstilling samrøystes vedtatt.

Styret meiner at noværande kostnadsfordeling skal brukast for heile 2023.

### **Vedtak:**

1. Styret tilrår deltakarkommunene å omdanne Sekretariatet for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal (SKNG) til eit kommunalt oppgåvefellesskap etter kommunelova kapittel 19 og at SKNG ikkje skal være eige rettssubjekt.
2. Styret godkjenner det framlagte forslaget til samarbeidsavtale.
3. Styret sender saksutgreiing og forslag til samarbeidsavtale til kommunestyret i dei seks deltakarkommunane med fylgjande *innstilling*:
  - Som fylgje av ny kommunelov blir Sekretariatet for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal (SKNG) omdanna frå § 27-samarbeid etter tidligare kommunelov til kommunalt oppgåvefellesskap (KO) etter ny kommunelov § 19.
  - Samarbeidsavtale for Sekretariatet for kontrollutvala i Nord-Gudbrandsdal kommunalt oppgåvefellesskap (SKNG) er vedteke slik den føreligg og erstattar noværande vedtekter for SKNG.
  - Det er forutsett likelydande vedtak i alle dei seks deltakarkommunane.

## **SAK 12/23 ORIENTERINGAR**

### **Orientering/drøfting om fylgjande saker:**

- **Møtegodtgjering**  
Sekretariatet kontakter kommunene før sommeren for å sørge for at alle får rett utbetaling. Kan være behov for å revidere budsjett for 2023.
- **Oversikt over budsjett og ressursbruk frå revisjon for 6K i åra 2020-22**  
Alle kommunar har brukt færre timer til revisjon enn budsjettert.
- **Fellesmøte kontrollutvala 16. juni**  
Gjennomgang av program og opplegg.  
Utvalseiarane sørger for notat om handsaming og vedtak frå kvart utval.
- **Prosjektplan forvaltningsrevisjon**  
Tidsbruk om lag 30 timer og handsaming i det einskilde utvalet.
- **Foranalyse forvaltningsrevision og/eller eigarskapskontroll NGR**  
Kontrollutvalgssekretariatet Innlandet lager felles saksutgreiing med innstilling.
- **Foranalyse forvaltningsrevision datatryggleik**  
Forslag til problemstilling: Spor 1, punkt 1 + punkt 2 og 3 i spor 2.
- **Status forvaltningsrevisionsrapport helsesamarbeid NGLMS**  
Blir presentert på fellesmøtet.  
Det er utarbeidd viljeserklæring og handbok for interkommunalt samarbeid som er sendt på høyring hjå kommunane.
- **Kontrollutvalsmøter i september:**  
Saker er mellom anna: Forenkla etterlevelseskонтroll på økonomi-området, budsjett-2024, prosjektplan forvaltningsrevisjonar, evaluering kontrollutvalsarbeid denne perioden, risiko- og vesentlegheitsvurdering, overgang nye utval inkl. kurs.
- **Neste styremøte:**  
Mandag 28. august kl. 12.

### **Vedtak:**

Referatsaker er teke til orientering.